



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 17/9379-13

## **Forvaltningsrevisjon - Reiseliv - oppfølging av vedtak i FT-sak 34/18**

### **Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Vedlagde statusrapport frå fylkesrådmannen vert teken til vitande.
2. Oppfølging av vedtaket i FT-sak 34/18 er avslutta.

### **Vedlegg:**

- Statusrapport frå fylkesrådmannen datert 19. desember 2018, mottatt 12. februar 2019

### **Andre relevante dokument i saka:**

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkestinget vedtok 18. oktober 2016 plan for forvaltningsrevisjon 2016 - 2020 i FT-sak 41/2016, der «Reiseliv» var prosjekt nr. 9.

Kontrollutvalet vedtok bestilling av forvaltningsrevisjon - Reiseliv 13. desember i KU-sak 58/17. Kontrollutvalet behandla rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon 25. september 2018, og vedtok ei tilråding til fylkestinget, som vart behandla 19. oktober. Fylkestinget vedtok kontrollutvalet si tilråding, og vedtaket var slik:

1. *Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av reiselivssatsinga til Sogn og Fjordane fylkeskommune til etterretning.*
2. *Fylkestinget ber fylkesrådmannen:*
  - i. *Sørgje for å tydeleggjere forholdet mellom ulike sentrale styringsdokument innan reiselivssatsinga, og avklarar ytterlegare kva plandokument og målformuleringar som skal vere styrande for arbeidet innan reiseliv, slik fylkesrådmannen skisserer i høyningsuttalen.*
  - ii. *Sørgje for å tydeleggjere og operasjonalisere tiltaka i årsplanane ytterlegare, samt tydeleggjere samanheng mellom tiltak for det enkelte år i årsplanane og dei meir langsigtinge tiltaka i fireårsplanen/den rullerte Verdiskapingsplanen.*
  - iii. *Å få etablert eit system for å halde oversikt over aktivitetar og progresjon knytt til dei ulike tiltaka ein planlegg gjennomført det enkelte år.*

- iv. *Etablere ei skriftleg skildring av kva oppgåver og ansvar som er lagt til sakshandsamar reiseliv.*
  - v. *Formaliserer samhandlingsmøta mellom dei sentrale samarbeidspartane til dømes i eit årshjul, og sikrar at dei blir gjennomført i samsvar med intensjonen.*
  - vi. *Tydeleggjere gjennom sakshandsamingsrutinane kva vilkår og krav ein vanlegvis skal stille i samband med tildeling av tilskot, og gi tydelegare retningslinjer for vilkår og krav utover standardkrava i tråd med høyningsuttalen til fylkesrådmannen.*
  - vii. *Sørgjer for at tilgjengeleg informasjon om den enkelte tilskotsordning omfattar krav til rapportering for den aktuelle tilskotsordninga.*
  - viii. *Sikre at vurderingar i samband med sakshandsaminga, dialog med tilskotsmottakarar og gjennomførte aktivitetar knytt til oppfølging og kontroll blir dokumentert, slik at det i etterkant er mogleg å etterprøve kva som er gjort og kvifor.*
3. *Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tiltaka, og rapportere status til kontrollutvalet innan 31.12.2018.*

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Kontrollutvalet ved sekretariatet mottok statusrapport frå fylkesrådmannen 12. februar 2019 (datert 19.12.2018). Fylkesrådmannen går i rapporten gjennom dei åtte oppfølgingspunktia i fylkestinget sitt vedtak, der det mellom anna kjem fram:

- i. Rullert verdiskapingsplan vart vedteken av fylkestinget i juni 2018. Det går klart fram av nettsida [www.verdiskapsingsplanen.no](http://www.verdiskapsingsplanen.no) kva som er gjeldande dokument, og det er i denne oppdaterte kortversjonen presisert kva som er gjeldande strategi. Det er i tillegg sendt ut bestilling til dei ansvarlege for alle satsingsområde i verdiskapingsplanen om årsrapport 2018 og årsplan for 2019.
- ii. Det er presisert at det må vere tydeleg korleis vedtekne mål styrer aktiviteten i bestilling av årsrapport og årsplan. Føringane frå forvaltningsrevisjonen er følgt opp i plan for 2019 og rapport frå 2018.
- iii. Internt i fylkeskommunen vert systemet [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no) nytta for å halde oversikt over tilskot. Ein arbeider med å få på plass eit samla system for å halde oversikt over aktiviteter og progresjon i alle satsingar i verdiskapingsplanen saman med Hordaland fylkeskommune for Vestland fylkeskommune. Det er utarbeidd eit enkelt system for å halde oversikt innan reiseliv.
- iv. Ei skriftleg skildring av samla oppgåver og ansvar innan reiselivsområdet på eit tenleg konkretiseringsnivå er på plass. Utviklingsarbeid fordrar ein dynamikk der oppgåver, oppgåveutføring og stillingsinnhald endrar seg over tid.
- v. Det er utarbeidd årshjul for samarbeidet med Innovasjon Norge og fylkesmannen som inneholder faste oppfølgingspunkt gjennom året, der det er lagt opp til fire måte i året.
- vi. Det er gjort presiseringar i sakshandsamingsrutinane om at det er to malar for tilskotsbrev med standardvilkår, og at det i sakshandsaminga er ei oppgåve å vurdere om det skal stillast krav ut over dei som ligg i tilskotsbreva. Det er også nemnd nokre døme på slike krav.
- vii. I skriftlege rutinar for sakshandsaming for Nærings- og kulturavdelinga har vi presisert nokre punkt som alle utlysingar av tilskotsordningar skal innehalde, deriblant krav om rapportering.
- viii. Vi har presisert i sakshandsamingsrutinane at dialog med tilskotsmottakar og aktivitetar knytt til oppfølging og kontroll av tilskotet skal dokumenterast, og at endringar i tilskotsvilkår vert arkivført.

Fylkesrådmannen har følgt opp punkta i fylkestingsvedtaket, og skriv i rapporten at ein framleis vil ha merksemd på temaet mellom anna med jamlege gjennomgang av rutinar, påminningar i seksjonsmøte og opplæring av nytilsette.

Kontrollsjef har i samband med utarbeidning av saka hatt kontakt med Kristin Arnestad og Anne Silje Sylvarnes frå Nærings- og kulturavdelinga for å få oppdatert informasjon om oppfølginga av forvaltningsrevisjonen, der det mellom anna kom fram at årsrapport 2018 og årsplan for 2019 frå dei ansvarlege for alle satsingsområde i verdiskapingsplanen er mottekne.

Fylkesutvalet godkjende årsrapport for 2018 og vedtok årsplan for 2019, regional plan for verdiskaping i FU-sak 22/19. Reiselivsområdet er ein del av årsrapport 2018 og årsplan 2019.

### **3. Konklusjon**

Det er gjort eit omfattande arbeid med oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten, og at alle punkta vert vurdert som oppfølgde, og der ein del av punkta vert tekne med i arbeidet fram mot etableringa av Vestland fylkeskommune. Kontrollsjef rår kontrollutvalet til å ta statusrapporten med orientering gitt i møtet til vitande, og at oppfølginga med det er ferdig.